

## ÅRSMELDING FOR SØK -STIFTINGA I 2024

### A. INNLEIING

2024 er det fjerde driftsåret for SØK-Stiftinga etter at Stiftinga vart etablert av styret i Skånevik Ølen Kraftlag AS (SØK AS) etter vedtak på Generalforsamlinga i SØK AS den 30. august 2021. På stiftingsdatoen 21. september 2021 fastsette styret i SØK AS vedtekter og styret for SØK-stiftinga, i samsvar med vedtak på Generalforsamlinga i SØK AS den 30. august 2021. Stiftinga heiter «SØK-stiftinga for allmennyttige og liknande føremål i SØK-området» og vart registrert i Einingsregisteret, Stiftingsregisteret og Frivilligregisteret den 11. oktober 2021.

### B. ÅRSMØTET I STIFTINGA

Årsmøtet er valforsamling i Stiftinga og står for val av styre og andre tillitsvalde. Årsmøtet får årsmelding og rekneskap til orientering. Samansetjinga av årsmøtet er fastsett i vedtektene. Årsmøtet vart halde 5. juni 2024 i Skånevik.

### C. STYRET

Styret er høgste organ i Stiftinga og hadde denne samansetjinga etter årsmøtet i 2024:

Gunnar Dalen	Leiar	vald for 2 år i 2023. På val i 2025
Maren Tungesvik Tveiten	Nestleiar	vald for 2 år i 2023. På val i 2025
Rune Hetland	Styremedlem	vald for 2 år i 2023. På val i 2025
Roar Knudsen	Styremedlem	vald for 2 år i 2024. På val i 2026
Halvor Helle Gundersen	Styremedlem	vald for 2 år i 2024. På val i 2026
Leon Dyngeland	1. varamedlem	vald for 2 år i 2023. På val i 2025
Liv Astrid Hesjedal	2. varamedlem	vald for 2 år i 2024. På val i 2026

### D. STYREARBEIDET I 2024

Styret skal arbeida for å gjennomføra føremåla for stiftinga og leia stiftinga i samsvar med vedtektene og gjeldande lovverk. Styret skal forvalta kapitalen på ein føremålstenleg måte med tanke på langsiktig verdiauke av kapitalen i stiftinga, risikospreiing, likviditet og avkastning. Styret har i 2024 vedteke retningslinjer for kapitalforvaltninga.

Stiftinga skal vidareføra stiftaren Skånevik Ølen Kraftlag AS sin funksjon som støttespelar for ulike allmennyttige og liknande føremål i SØK-området, og støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige og liknande føremål til beste for innbyggjarane i SØK-området. Stiftinga kan også samarbeida med og gi støtte til andre aktørar som driv bygde- og næringsutvikling.

Styret har i 2024 hatt 3 styremøte og 21 saker oppe til handsaming. I tillegg har styret hatt to kontaktmøte / informasjonsmøte med mottakarar av støtte.

## Tildeling av støtte

Den største oppgåva til styret er dela ut den årlege støtta frå Stiftinga. Tildelinga skal byggja på «Vedtektene for Stiftinga» og dei «Generelle retningslinjene for tildeling av støtte frå Stiftinga». Begge desse dokumenta er av fundamental karakter for arbeidet, og ligg på Stiftinga si nettside under fana «Om stiftinga»: <https://www.sokstiftinga.no/om-stiftinga>

I samsvar med desse to dokumenta blir den årlege tildelingsprosessen gjennomført i to trinn:

1. Først, og før opning av den årlege søknadsrunden, fastset Styret den økonomiske ramma for årets utdeling og grovfordeler den på dei ulike føremåla, basert på vedtektene og dei «Generelle retningslinjer for tildeling av støtte frå Stiftinga». Samstundes fastset Styret dei detaljerte reglane for årets tildeling av støtte, utbetalingstidspunkt, krav til gjennomføring og rapportering m.m., og samlar desse vedtaka i eit dokument som heiter «Ramme og retningslinjer for tildeling av støtte for gjeldande år», sjå kapittel E nedanfor. Dette dokumentet blir lagt ut på søknadsportalen og er grunnlaget for årets søknadsrunde og tildeling.
2. Etter gjennomført søknadsrunde, blir årets støtte fordelt etter innkomne søknader og i samsvar med årets fastsette ramme og retningslinjer for tildeling av støtte. For tildelingar som ikkje har gjennomføringsfrist, blir støtta utbetalt i søknadsåret. Årets tildeling er referert i kapittel F.

## E. RAMME OG RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV STØTTE I 2024

Dei «Generelle retningslinjene for tildeling av støtte frå Stiftinga», sist revidert 6. sept. 2022, byggjer på vedtektene i Stiftinga, på stiftingsdokumentet og andre ambisjonar for Stiftinga som Stiftaren, SØK AS, har nedfelt i saksframlegg og vedtak i Generalforsamlinga den 30. august 2021. I samsvar med punkt 5 i dei generelle retningslinjene, skal Styret i Stiftinga kvart år fastsetja ramme for årets tildeling og detaljerte reglar og vilkår for støtte.

### 1. Ramme for tildeling av støtte i 2024, vedtatt i styret 3. sept. 2024

I saksframlegget til Generalforsamlinga i SØK AS i 2021 vart det lagt til grunn at Stiftinga skulle tilførast ein kapital som gjorde det mogleg for Stiftinga å vidareføra eit støtteomfang på om lag 2,5 mill. kr årleg (2017 kroner). Det faktiske omfanget av støtte dei tre siste åra før omdanninga var på 1,9 mill. kr i 2018, 2,4 mill. kr i 2019 og 2,7 mill. kr i 2020. Basert på Stiftaren sine uttrykte ambisjonar og Stiftaren sine faktiske tildelingar i åra før omdanninga, vil ei «**vidareføring av den årlege tildelinga**» tilseia ei ramme på inntil 2,5 mill. kr (2017 – kr).

Styret i Stiftinga vil innanfor denne årlege ramma disponera Stiftinga sine inntekter og kapital på ein måte som tillèt fleksibilitet mellom år, men som følgjer det fastsette ramme-gjennomsnittet over 5 år. Styret legg vidare til grunn at tildeling av støtte skal skje årleg når inntektene til Stiftinga tillèt det, og dermed også i 2024. Prisveksten sidan 2017 er på 26,5%.

**Styret viste til prisveksten sidan 2017, og fastsette ramma for tildeling av støtte i 2024 til 3,0 mill. kr.**

## 2. Retningslinjer for tildeling av støtte i 2024, vedtatt i styret 3. sept. 2024

Styret la opp til å nytta følgjande retningslinjer for tildeling av støtte i 2024:

- Samla støtte til bygde- og næringsutvikling (Føremål A + B) skal vidareførast med omlag same andel av ramma som i 2022 og fordelast med 50 % til grendelaga (A) og 50 % til Andre bygdeutviklingstiltak (B).
- Under føremål B kan det gjevast støtte til større prosjekt som grendelaga normalt ikkje kan løysa åleine. Som ein peikepinn for søkjarar, vil styret for 2024 setja ei grense mellom små og store prosjekt på 400 000 kr i prosjektkostnad (inkl. dugnad og mva), eller når søknaden om støtte er på over 100 000 kr. Dugnadsinnsats i prosjekt med tippemiddelfinansiering skal verdsetjast etter reglane for slike prosjekt. I andre prosjekt kan det i staden brukast ein fast sats på 300 kr/t. Søknad om støtte til store prosjekt skal innehalda prosjektomtale, finansieringsplan og framdriftsplan. Stiftinga kan kalla inn søkjarar for å presentera prosjektet. Stiftinga kan vidare spørja grendelaga om ei vurdering / prioritering av store prosjektsøknadar frå bygda. Støtte til same prosjekt kan berre tildelast ein gong.
- Under føremål B kan det også gjevast støtte til prosjekt / aktivitet som vil tilby organisasjonsutvikling til lag og organisasjonar (praktisk styrearbeid, lagsdrift, rekruttering, leiartrening m.m.)
- Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus (C) skal fordelast med grunnlag i kapasitet / storleik.
- Støtte til barne- og ungdomsarbeid (D) skal fordelast med ein lik sum per aktiv deltakar under 16 år. Til lag med liten aktivitet (mindre enn 6 arrangement i året) kan det gjerast avkorting i støtta med inntil 50 % ut frå regelen om lik sum per aktiv deltakar.
- Støtte til sogelag / kulturarvsarbeid (E) skal fordelast med grunnlag i aktivitetsplan og / eller prosjektbudsjett. Støtte til føremål E blir hovudsakeleg gitt til lag og foreiningar.

Tildelinga innanfor dei ulike føremåla blir gjennomført basert på den grovfordelte ramma og mottekne søknader og rapportar. Søknadsskjema for støtte skal vera tilgjengeleg i søknadsportalen på SØK si nettside i heile søknadsperioden, som Styret har fastsett til 16. september – 15. oktober i 2024. Søknader skal leverast i søknadsportalen på nettsida. Det er mogeleg for ein søkjar å søkja på fleire føremål (A-E), men søknadane må då delast opp slik at det blir sendt inn ein søknad for kvart føremål. Føremål som det offentlege har fullt ansvar for, vert ikkje støtta av Stiftinga.

Søkjarane skal leggja ved følgjande dokumentasjon:

- Omtale av søknaden
- Rekneskap inkl. balanse og årsmelding for siste kalenderår
- Aktiviteten i laget / prosjektet siste kalenderår
- Liste over aktive deltakarar/medlemmer i laget, når dette er relevant

Berre søkjarar som har eige organisasjonsnummer, eller som samarbeider med ein organisasjon med organisasjonsnummer, kan senda søknad om støtte. Når ein søkjar har fleire underavdelingar /

undergrupper, kan ikkje deltakarar reknast med meir enn ein gong, sjølv om same person deltar i fleire underavdelingar.

Til søkjarar som ikkje oppfyller alle vilkåra for tildeling av støtte, ikkje rapporterer bruk av tidlegare støtte eller ikkje møter på kontaktmøte, kan det gjerast avkorting i støtta.

Støtte til føremål A, C, D og E blir utbetalt etter at styret har gjort vedtak om tildelinga i november 2024. Støtte til større prosjekt under føremål B blir utbetalt i to deler, 25 % når prosjektet har starta opp og resten etter at Stiftinga har mottatt sluttrapport med rekneskap. Prosjektet må vera starta opp seinast 1 år etter tildelinga og gjennomføringsfristen er maksimalt 2 år frå oppstart. Det er mogleg å søkja om utsett frist for oppstart av prosjekt med inntil 1 år. Ubrukte tildelingar kan overførast til neste års ramme for tildeling av støtte.

### 3. Grovfordeling av støtta frå Stiftinga i 2024, vedtatt i styret 3. sept. 2024

Ut frå dei «*Generelle retningslinjene for tildeling av støtte frå Stiftinga*», vedtok Styret følgjande grovfordeling for tildeling av støtte for 2024:

A. Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag	kr 1 100 000
B. Støtte til andre bygdeutviklingstiltak	kr 1 100 000
C. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus	kr 450 000
D. Støtte til barne- og ungdomsarbeid	kr 260 000
E. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid	kr 85 000
F. Reserve	kr 5 000
Ramme for fordeling	<b>kr 3 000 000</b>

## F. VEDTATT UTDELING AV STØTTE FRÅ STIFTINGA I 2024:

SØK-stiftinga mottok i 2024 74 søknadar frå 57 ulike lag og organisasjonar, med total søknadssum på kr. 8 013.192,-. Til samanlikning kom det i 2023 søknadar frå 68 ulike lag og organisasjonar og med ein total søknadssum på 6 917 250,-. Det er altså ein nedgang i talet på søknadar, men eit høgare beløp. Under tildelinga deltok styremedlemmer med inhabilitet ikkje i handsaming av dei aktuelle søknadane.

Fordelinga av inkomne søknader:

Formål	Søknadar	Søknadsbeløp	Fastsett ramme
A. Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag	6	1 230 000	1 100 000
B. Støtte til andre bygdeutviklingstiltak	10	4 040 000	1 100 000
C. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus	29	1 760 000	450 000
D. Støtte til barne- og ungdomsarbeid	25	888 192	260 000
E. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid	4	95 000	85 000
F. Reserve			5 000
<b>Totalsum</b>	<b>74</b>	<b>8 013 192</b>	<b>3 000 000</b>

## Tildelinga til dei ulike formåla:

### Formål A: Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag

Lag	Tildelt 2024
Bjoa Bygdeutviklingslag	110 000
Skånevik Bygdeutviklingslag Forvaltningsstyret	330 000
Vikebygd Grendeutvalg	110 000
Ølen Grendautval	220 000
Ølensvåg Grendeutval	220 000
Åkrafjorden Landskapspark	110 000
<b>Totalsum</b>	<b>1 100 000</b>

### Formål B: Støtte til andre bygdeutviklingstiltak

Lag	Prosjekt	Tildelt 2024
Langfosstien Venelag	Steintrapp Langfoss	100 000
Medvind24 Næringshage	Organisasjonsnettverk	100 000
Skånevik Kultur og Idrettshall	Oppgradering 2. etasje	260 000
Utbjoa Grendahus	Opprusting kjellaretasje	100 000
Vikebygd Bygdahus	Opprusting toalettfasilitetar	100 000
Ølen Idrettslag	Fotball/kunstgrashall	440 000
<b>Totalsum</b>		<b>1 100 000</b>

### Formål C: Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus

Lag	Prosjekt	Tildelt 2024
Betlehem Vikebygd Bedehus	Støtte til drift	5 000
Bjoa Bygdeutviklingslag	Bjoa Bygdehuslag	10 000
Bjoa Bygdeutviklingslag	Hytte Gråhorgjo	5 000



Bjoa Idrettslag	Støtte til klubbhus	10 000
Bjoa Sanitetsforening	Helsehuset Kløver	10 000
Brandøy Misjons- og Konf.	Støtte til drift	10 000
Bygdelaget Haugsbu	Støtte til drift	5 000
Ebne Bedehus	Støtte til drift	5 000
Ebne Gamle Skulehus	Støtte til drift	5 000
Fjæra Og Rullestad Il	Støtte til idrettshuset	5 000
I.L Gro	Støtte til Grohall	10 000
Innbjoa Bedehus	Støtte til drift	5 000
Kyrkjetunet Stiftelse	Støtte til drift	5 000
Markhus Skulestove	Støtte til drift	5 000
Molnes Indremisjon	Støtte til drift	5 000
Skånevik Indremisjon	Støtte til drift	5 000
Skånevik Kultur Og Idrettshall	Støtte til drift	60 000
Skånevik Skyttarlag	Støtte til skyttarhuset	10 000
Skånevikspeidarane	Støtte til speidarhuset	5 000
Stiftelsen Sjøkanten Trivsel	Støtte til utebassenget	20 000
Utbjoa Grendahus	Støtte til drift	10 000
Vikebygd Bygdahus	Støtte til drift	40 000
Vindafjord Turlag	Vedlikehald av turvegane	35 000
Vågen Bedehus	Støtte til drift	10 000
Vågen Bygdasenter As	Støtte til bygdasenteret	10 000
Vågen Bygdasenter As	Støtte til Vadhytta	5 000
Ølen Idrettslag	Drift av Klubbhuset	20 000
Ølen Kulturhus Sa	Støtte til drift	120 000
<b>Totalsum</b>		<b>450 000</b>

## Formål D: Støtte til barne- og ungdomsarbeid

Lag	Tildelt 2024
Barnekoret Skjold, Vats, Vikebygd	6 250
Bjoa 4H	7 500
Bjoa Idrettslag	6 250
Credo	3 000
I.L Gro	1 750
Kreativ	10 000
Kyrkjetunet Stiftelse	5 000
Mini-Credo	2 500
Skånevik Idrettslag	22 000
Skånevik Skulekorps	4 500
Skånevik Skyttarlag	7 500
Skånevikspeidarane	12 500
Tripp Trapp Treff Skånevik	3 000
Tweens	6 750
Vikebygd Idrettslag	11 250
Vikebygd Kfuk/Kfum Speidarar	12 000
Vindafjord Turlag	25 000
Vågen Awana Søndagsskole	11 000
Vågen Bedehusforsamling	9 250
Vågen Diskgolf	7 750
Ølen Idrettslag	72 000
<b>Totalsum</b>	<b>246 750</b>

**Formål E: Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid**

Lag		Tildelt 2024
Kystlaget Romsa	Informasjonsmateriell og elektrisk anlegg	15 000
Stiftelsen Norsk Motormuseum	Oppgradering av lokala	50 000
Ølen og Bjoa Historielag	Drift av laget og eigedomar	20 000
<b>Totalsum</b>		<b>85 000</b>

**Samla tildeling i 2024:**

Formål	Tildelt i 2024
A. Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag	1 100 000
B. Støtte til andre bygdeutviklingstiltak	1 100 000
C. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus	450 000
D. Støtte til barne- og ungdomsarbeid	246 750
E. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid	85 000
F. Reserve	
<b>Totalsum</b>	<b>2 981 750</b>

**G. INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE**

SØK-stiftinga har ei heimeside på internett med adresse: «[www.sokstiftinga.no](http://www.sokstiftinga.no)». Denne kanalen vil saman med annonser i lokalavisa vera hovudvegane for informasjon frå Stiftinga. På heimesida vil lag, organisasjonar og andre interesserte finna aktuell informasjon: Under «Om Stiftinga» ligg Vedtektene for Stiftinga, dei Generelle retningslinjene for støtte, Årets Ramme og Retningslinjer for tildeling av støtte og informasjon om Styret. Stiftinga brukar vidare e-post som informasjonskanal, og så godt som alle mottakarar av støtte har registrert kontaktdetaljane sine på e-post.

## H. FINANSIELL RISIKO

SØK-stiftinga har pant i 20 % av dei aksjane SØK AS eig i Haugaland Kraft AS. Desse hadde på stiftingsdatoen ein antatt verdi på 80 mill. kr. SØK - stiftinga har tilfredsstillande likviditet og ikkje langsiktig gjeld. Likviditetsrisikoen vert vurdert som svært liten så lenge ein følgjer Retningslinjene for tildeling av støtte. Styret har kapitalforvaltninga som orienteringssak på alle styremøte.

## I. RESULTATET OG BALANSEN

2024 er det fjerde driftsåret etter etableringa. Styret har lagt opp til ei enkel administrering av Stiftinga med ingen fast tilsette og innkjøp av alle sekretariatsfunksjonar frå Legria AS. Dette har fungert svært tilfredsstillande. Hovudinntekta til Stiftinga er den årlege renta som SØK AS betaler på gjeldsbrevet som er etablert mellom SØK AS og Stiftinga. Styret har drifta selskapet ut frå Vedtekter og Retningslinjer for tildeling av støtte. For 2024 er resultatet på -358 218 kr, medan det i 2023 var på 108 605 kr.

Eigenkapitalen var ved utgangen av året på 81 682 968 kr. Likviditeten er tilfredsstillande, og selskapet har ikkje langsiktig gjeld.

## K. RESULTATDISPONERING

Styret gjer forslag om følgjande disponering av årsresultatet for 2024:

Avsett til annan eigenkapital:	<u>-358 218,48</u>
Sum overføring:	<u>-358 218,48</u>

Ølensvåg, den 11. mars 2025

Styret i SØK-Stiftinga



Gunnar Dalen

Styreleiar



Maren Tunesvik Tveiten

Nestleiar



Rune Hetland

Styremedlem



Roar Knudsen

Styremedlem



Halvor Helle Gundersen

Styremedlem



# Årsrekneskap 2024

## Søk-stiftinga For Allmennyttige Og Liknande Føremål I Søk-området

Resultatrekneskap  
Balanse  
Notar til rekneskapen



Org.nr.: 927 867 176

## RESULTATREKNESKAP

### SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2024	2023
Lønskostnad	2	23 434	0
Annan driftskostnad		3 187 289	2 768 140
Sum driftskostnader	3	3 210 723	2 768 140
Driftsresultat		-3 210 723	-2 768 140
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt	4	2 820 658	2 876 452
Anna finansinntekt		31 846	293
Resultat av finanspostar		2 852 504	2 876 745
Årsresultat	6	-358 218	108 605
OVERFØRING			
Avsett til annan egenkapital	6	0	108 605
Overføring frå annan eige kapital	6	358 218	0
Sum overføringar		-358 218	108 605

## BALANSE

### SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

EIGEDELAR	Note	2024	2023
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL</b>			
Investeringar i aksjar og partar	7	1 822 986	0
Långsiktig krav mot Skånevik Ølen Kraftlag AS	4	79 000 000	79 000 000
Sum finansielle anleggsmiddel		80 822 986	79 000 000
Sum anleggsmiddel		80 822 986	79 000 000
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		859 981	3 789 165
Sum omløpsmiddel		859 981	3 789 165
Sum egedelar		81 682 968	82 789 165

## BALANSE

### SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2024	2023
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>			
Grunnkapital	6	1 000 000	1 000 000
Annan innskoten eigenkapital	6	79 000 000	79 000 000
Sum innskoten eigenkapital		80 000 000	80 000 000
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>			
Annan eigenkapital	6	0	301 120
Udekt tap		-57 098	0
Sum opptent eigenkapital		-57 098	301 120
Sum eigenkapital		79 942 902	80 301 120
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		13 816	26 795
Anna kortsiktig gjeld		1 726 250	2 461 250
Sum kortsiktig gjeld		1 740 066	2 488 045
Sum gjeld		1 740 066	2 488 045
Sum eigenkapital og gjeld		81 682 968	82 789 165

Styret i Søk-stiftinga For Allmenntittige Og Liknande Føremål I Søk-området




Gunnar Dalen  
styreleiar



Maren Tunesvik Tveiten  
nestleiar



Rune Hetland  
styremedlem



Roar Knudsen  
styremedlem



Halvor Helle Gundersen  
styremedlem

## Notar til rekneskap 2024

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og God regnskapsskikk for ideelle organisasjonar.

### DRIFTSINNETKTER

Inntekter reknast som opptente når vilkåra for å motta inntektene er oppfylde og det er rimeleg sikkerheit for at ein vil motta inntektene. For ideelle organisasjonar si inntektsføring må følgjande tre kriterier vera oppfylte:

- Organisasjonen må ha juridisk rett til inntekta
- Det må vera rimeleg sikkert at inntekta vil bli mottatt
- Inntekten må kunne målast med tilstrekkelig pålitelighet.

### SKATT

Stiftinga har ikkje erverv til føremål og er friteke for formues- og inntektsskatt etter skattelova § 2-32.

### KLASSIFISERING OG VURDERING AV ANLEGGSMIDLAR

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Finansielle anleggsmiddel omfattar normalt postar som forfell til betaling minst eitt år etter balansedagen. Finansielle anleggsmiddel blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

### KLASSIFISERING OG VURDERING AV OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

### KRAV

Kundekrav og andre krav blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

### Note 1 Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd på grunnlag av forutsetning om vidare drift. Styret stadfestar at forutsetninga om vidare drift i Søk-stiftinga For Allmenntittige Og Liknande Føremål I Søk-området er til stades.

**Notar til rekneskap 2024**

Note 2 Tilsette, godtgjeringar, honorar m.m.

Stiftinga har i 2024 ikkje hatt tilsette. Det er utbetalt godtgjering til styret med totalt kr. 21 000.

Note 3 Spesifikasjon av driftskostnader etter art

	2024	2023
Tildeling til bygde- og næringsutvikling	1 100 000	900 000
Tildeling til anlegg- og forsamlingshus	450 000	350 000
Tildeling til barne- og ungdomsarbeid	246 750	239 750
Tildeling til kulturarv og sogelagsarbeid	85 000	70 000
Tildeling til andre bygdeutviklingstiltak	980 000	900 000
Andre driftskostnader	325 539	283 720
Sum driftskostnader	3 187 289	2 743 470

SØK Stiftinga er ein lokal bidragsytar som ynskjer å styrka lokal bygde- og næringsutviklingsprosjekt, gjennom støtte til lokale føremål i konsesjonsområdet. Kvart år tildeler SØK Stiftinga midlar til lokale prosjekt og aktørar som driv med friviljug arbeid, både for born, ungdom og vaksne.

Tildelingar for 2024 kan sjåast på [www.sokstiftinga.no](http://www.sokstiftinga.no)

Note 4 Krav

	2024	2023
Långsiktige krav		
Krav mot Skånevik Ølen Kraftlag AS	79 000 000	79 000 000
Balanseført verdi av långsiktige krav 31.12	79 000 000	79 000 000

Stiftingas utestående krav per 31.12. er fullt ut mot Skånevik Ølen Kraftlag AS.

Det långsiktige kravet blei etablert ved at stiftinga skal motta eit beløp tilsvarande 20 % av netto salsoppgjer eller annan realisasjon av aksjar som Skånevik Ølen Kraftlag AS eig i Haugaland Kraft AS. Heile beløpet forfell til betaling det tidspunkt Skånevik Ølen Kraftlag AS mottar oppgjer ved sal eller realisasjon av aksjane i Haugaland Kraft AS. I perioden 2021 til 2025 skal debitor betala ei årleg rente fastsett til 2,7 millionar kroner. Frå og med 2026 er det andre vilkår for renta med ei minimumsrente på 3,0 millionar kroner.

Note 5 Skatt

Stiftinga har ikkje erverv til føremål og er friteke for formues- og inntektsskatt etter skattelova § 2-32.

**Notar til rekneskap 2024**

## Note 6 Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Udekt tap	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2023	1 000 000	79 000 000	301 120	0	80 301 120
Per 01.01.2024	1 000 000	79 000 000	301 120	0	80 301 120
Årets resultat			-358 218		-358 218
Overført udekka tap			57 098	-57 098	0
Per 31.12.2024	1 000 000	79 000 000	0	-57 098	79 942 902

## Note 7 Langsiktige verdipapirer

	Anskaffelses kost	Marknads verdi	Balanseført verdi
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
Alfred Berg Nordic High Yield	270 000	289 910	270 000
Alfred Berg Nordic Investment Grade	180 000	188 853	180 000
Danske Invest Index Global	630 000	758 954	630 000
Heimdal Høyrentefond	450 000	485 189	472 986
Holberg Global	270 000	316 754	270 000
Sum	1 800 000	2 039 660	1 822 986

Til styret i Søk-Stiftinga For Allmennyttige og Liknande Føremål I Søk-Området

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

## **Uttalelse om årsregnskapet**

### *Konklusjon*

Vi har revidert årsregnskapet for Søk-Stiftinga For Allmennyttige og Liknande Føremål I Søk-Området som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2024, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Ledelsens ansvar for årsregnskapet*

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimater og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

### **Uttalelse om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om utdeling og forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Haugesund, 11. mars 2025  
Deloitte AS

#### **Jørn Marcussen**

statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

# UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Name

Marcussen, Jørn-Didrik

Date

2025-04-14

Identification

 bankID™ Marcussen, Jørn-Didrik



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF  
Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))